

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim



Kyrkjebakken nr. I - 2023 - januarnummeret - nytt stoff innan 09. februar

KYRKJE BAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn





Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

Følg med på heimeside, facebook og plakat
for eventuelle endringar.

Treng du skyss for å kome
deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (for fredag kl. 14)
Bodil Monslaup 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:
Sokneprest:Trefftid etter avtale
Kyrkjeveje:

Bustadtelefonar:
Sokneprest Rune Minde 906 95 377
Kyrkjeveje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og
kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar
Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen

Epost kyrkjabakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Laurdag 28.jan kl. 17.15
i Fedje kyrkje
Ungdomsgudsteneste

Søndag 29.jan kl. 11.00
Gudsteneste ved Rune Minde

Måndag 06.feb kl. 19.00
**Sosial samling på kyrkjelydshuset.
Sjå annonse**

Søndag 12.feb kl. 11.00
Familiegudsteneste ved Rune Minde

Torsdag 16.feb kl. 19.00
**Songkveld ved Jostein Hauge og
Kjell Bergsvik m.fl**

Fredag 17.feb kl. 18.00
Gudsteneste for alle



Vi får
kallast
Guds born

Når eit barn skal lære å snakke er ordet mamma eit av dei første orda som kjem over leppene. Kva kan grunnen til dette vere? Svaret er enkelt: Heilt frå fødselen, ja heilt frå unnfangelsen av, har barnet vore hjå si mor. Det har fått omsorg, mat og varme. Etter kvart som hørselen vart utvikla kunne det høre mor si stemme, kjenne mor sine hjarteslag, få næring av mor. Mor har gjerne snakka til barnet lenge før det vart født, og etter fødselen snakker og mor til barnet. Ho omtaler seg ofte som mamma, Ved stellebordet, ved Barnesenga og med barnet i armane sine. Igjen og igjen hører barnet det samme ordet : mamma. Det foregår ein prosess i barnet, og ordet mamma vert gradvis knytta til ein person som barnet står i eit spesielt forhold til. Mamma er mi mamma!

På akkurat den same måten vil Anden lære oss kva det er å vere eit Guds barn. Han vil gjere oss bevisst på vårt barnekår hjå Gud.

I Rom 8,15 vart ordet Abba brukt. Dette er et aramaisk ord som betyr: Pappa! Søker du i nettbibelen vil du sjå at ordet er brukt tre forskjellige stader i Bibelen: Først brukte Jesus sjølv ordet da han kjempa i Getsemane:

- «Abba, Far!» sa han. «Alt er mogleg for deg. Ta dette begeret frå meg! Men ikkje som eg vil, berre som du vil.» Vidare brukar Paulus ordet i Galatarbrevet:

- Og sidan de er born, har Gud sendt sin Sons Ande inn i hjarta våre, og Anden ropar: «Abba, Far!» Og sist er det altså brukt i Romarbrevet:

- For de fekk ikkje den ånda som slavane har, så de på nytt skulle leva i frykt. Nei, de fekk Anden som gjev rett til å vera Guds born, den som gjer at vi ropar: «Abba, Far!»

- Abba, Far! Sånn snakka Jesus til Gud. Sånn viste han at han var Guds son. Han kalla Gud for pappa

- Abba, Far! Akkurat dette ordet Pappa bruker den heilage Ande om korleis det er å ha Gud i hjarta.

- Abba, Far! Det er ordet som me kan bruke. Det er vår Far i himmelen.

«Sjå kor stor kjærleik Far har synt oss:
Vi får kallast Guds born – ja, vi er det! »
1.johannes 3,1

Jostein Hauge



Reidar Øksnes Min salme



Det var ikkje vanskeleg å sei ja då Britt spurde om eg ville skriva om min salme i Kyrkjebakken.

Like lett var det å finne salmen som eg synes er finast og gjev meinig, både då eg var barn og i dag, som godt vaksen.

Det lyser i stille grender har eg vore med på å sunga i mange verdsdelar, heime i Øksneset som barn, og i Sør-Amerika , Asia og Afrika som sjømann.

Bodskapet i songen er for meg like truverdig i dag som då eg som liten samlast med 11 sysken med familie heime i stova til mor og far og gjekk rundt juletreet.

Sjølv om dette er ein song som vert mest brukt i samband med julehøgda, føler eg at mykje av innhaldet er like aktuelt heile året.

Me tek i dag som noko sjølvsagt at det er heilt trygt å la det lyse i alle grender over heile landet.

Men dette er dessverre ikkje slik i store deler av verda. No sist år i Ukraina.

Det kan kanskje synast vanskeleg å tru at eit lite barn skal redde verda. Men i ein annan kjent song vert det vist til at den som ber eit barn i armane ikkje kan krige samtidig.

Om me vel å sette borna fyrst, så trur eg at me om ei tid kan ta inn att og syngja det siste verset av « Det lyser i stille grender», slik Jakob Sande skreiv det.

**Songen som etter tonar
med jubel kvar julenatt.
um barnet, Guds son og sonar
som myrkret for evigt batt.**



BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

FONNES FILIAL

Fonnes filial er stengt på grunn av den pågåande ombygginga av Kaland skule.

Ombygginga skal vera ferdigstilt til sommaren 2023, det kjem nærmere informasjon når biblioteket opnar igjen

Følg oss gjerne
på facebook

God bok



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:
kl.08.30 - 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:
kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG.

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen
/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret :
56162142/56162138»



ÅRÅS SANITETSFORENING

22.02.2023 kl. 19.00

I foreininga sitt møte i Furuly
Faste årsmøte saker
Val

Saker til Årsmøte må vera send til
styret innan 8 feb.

Årsmøte også i
Stiftelsen Furuly.

Etter Årsmøte - medlemsmøte
og servering av mat.

Leiar i foreininga
Johanna Kollsete Lerøy Tlf 91181071



Forreininga **KJERRINGROKKEN** inviterer til **SOSIAL SAMLING**



**På Kyrkjelydshuset,
måndag 6.februar kl 19:00**

Vi ønskjer ei samling der vi kan sjå
kvarandre og ha tid til å slå av
ein sosial prat.

Foredrag med tema frå
Det Norske Misjonsselskap (NMS).
Bjarne Andersen, regionsstyreleiar i
NMS Bjørgvin, vil halde innlegg om
arbeidet i NMS i vår tid. Mykje har
endra seg dei siste tiåra, men mottoet
er likevel det same.

“Mini basar” med åresal der
inntekta går til misjonsprosjektet som
Frode Sætre jobbar for i Mali.
Kveldsmat med smørjemåltid.



Åpe for alle! Velkomne!



Illustrasjonsfoto



Bufetat

Kan du hjelpe eit barn eller ein
ungdom som har det vanskeleg?

No er det behov for fleire
fosterheimar i ditt nærområde.

Den norske kyrkja samarbeidar med
Fosterheimstenesta i Bergen
om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på
fosterheim.no

Takke annonsar

Takk

til diakoninemnda for fin juleblomst som Målfrid kom med ved min kjære Egil sin bortgang.

Beste helsing Lilly Sætre

Hjertelig takk

for all omtanke, blomster, hilsninger og deltaking ved Terje Utkilen sin bortgang og bisettelse.

For støtte til Kreftforeningen. Takk til hjemmesykepleien, kreftkoordinator og alle som ga god omsorg og pleie. Takk til Rune, Jostein og Nordhordland begravelsesbyrå for god hjelp og en fin seremoni i kirken.

Hilsen Kari og familien

Takk

for helsinga frå diakoninemda og takk til Gerd som kom med den.

Helsing Linda Rognhaugen

Stor takk

Austrheim Sokneråd rettar ein stor takk til Kyrkjeprydnad for den rause gava på 25.000 kroner til kyrkjelyden sitt arbeid

Hjertelig takk

For all deltaking, omtanke, blomsterhelsing, telefonar og gode ord ved vår kjære Egil Sætre sin bortgang.

Takk til Rune prest, Jostein, Ingeborg, Jan Inge og Johannes. Det vart ein god og fin seremoni og avskjed med Egil. Stor takk til personalet på Nordliheimen for god pleie og takk til Jarle Gallefoss. Takk for pengegåva til Nordliheimen.

Beste helsing Lilly, Rune, Frode m/fam.

Hjertelig takk

for all medkjensle, blomsterhelsingar og alle som kom og var med i gravferda til Roald Lerøy. Takk til

heimesjukepleien, personale på Nordliheimen for god pleie og omsorg. Stor takk til Rune og Jostein, Kjell Bergsvik og Austrheim songlag som gjorde seremonien i kyrkja så fin.

Helsing Målfrid, Tone og Hilde m/fam.

Mange takk

til Austrheim diakoninemnd og gava eg fekk på 82 års dagen min.

Takkar også for gava eg fekk av Lindåsneset sanitetslag på dagen min.

Helsing Jan Nordbø

Austrheim sokn

Gravferd

25.11.22

Gunhild Hope

f.1924 (bisettjing)

01.12.22

Egil Sætre

f.1947

08.12.22

Åsmund Dyrøy

f.1981

03.01.23

Terje Utkilen

f.1958 (bisettjinng)

03.01.23

Øyvind Sandnes

f.1931

VATNE
begravelsesbyrå
DAHLs

Tlf: 56 35 09 10 (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø
vatne-byra.no



ÅRÅS BEDEHUS

Onsdag 1. februar

kl 19:00 Bønneshamling

Søndag 5. februar,

Formiddagsmøte kl 11:00 Odd Sverre Hove talar

Onsdag 15. februar

kl 19:00 Bønneshamling

Søndag 19. februar,

Formiddagsmøte kl 11:00 Odd Sverre Hove talar

Søndag 5. mars,

Formiddagsmøte kl 11:00, Arnfinn Norheim talar

Onsdag 8.mars

kl 19:00 Bønneshamling

Mandag 13. mars

19:00 Årsmøte

Kjellaren for 5-7. trinn. Torsdagar 18:00-19:30

Ving for 4 år til 4. trinn. Annankvar torsdag 17:00-18:00

Velkommen til samlingane! www.astrheimindremisjon.no

Austrheim Indremisjon på Facebook.

AVSKIL MED EIN GODT LIKT BISKOP



Kvar går kyrkjeskipet? I slutten av oktober var dette tema på Fjon fjellkyrkje der biskop Halvor Nordhaug snakka engasjert og engasjerande til dei kyrklege medarbeidarane i Nordhordland prosti. I samband med at biskopen vår skal slutte så har han reist rundt i heile bispedøme for å møte både tilsette, sokneråd og kyrkjegengjarar. Det var tre område biskopen valde å fokusere på: å ta vare på ungdommen, på kyrkjelyden og å ta vare på trua. Som ein raud tråd i bispegjerninga hans har desse tre punkta gått att. Biskopen brukte gamle ikonar, mellom anna eit kjent egyptisk ikon frå 700 talet om venskap, for å få fram poenga sine. Han peika på utfordringar med søkkande oppslutning på ein del område, men peika og på det han meinte vi burde fokusera på, ikkje minst å gje rom for at trua skulle få næring, både i gudstene og andre samlingar.

Seinare den dagen var medarbeidrarar og medlemmer i sokneråda i Nordhordland prosti samla i Knarvik kyrkje for å takke



av biskopen. Det heile starta med ei flott nattverdsgudsteneste, før alle samla seg i kyrkjekjellaren. Her vart det ei flott blanding av alvor og skjemt. Mellom anna fortalte biskop Halvor om venskapssamarbeid som Bjørgvin bispedømme har med den lutherske kyrkja Iglesia Evangelica Unida (IEU) på Cuba. Også Normisjon som har samarbeidd med den kyrkja i over 20 år er med på dette samarbeidet. Som avskilsgåve ynskte biskop Halvor støtte til denne kyrkjelyden, og difor vedtok Austrheim sokneråd å gje kr. 2000,- til den Cubanske kyrkjelyden.

Mastrevik torg

Velkommen til ein god handel!

Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gäve/Glas - Gardiner/Utstyrsvarer - Bokhandel/Leikar Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvittevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spor oss gjerne om mer informasjon.



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



BOSCH
Service

Car Service



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!

Når kvalitet og service teller



SKARSVÅG
Rør og Interiør as




Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN

Mob. 481 31 534

byggboe@online.no



Oppussing av
gravmonumenter
Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887



Vil du være
én for andre?

Vi søker lytende
medmennesker i alle
aldre, legninger, yrker,
trooppfatninger og
farger.

Se mer og sak på
kirkens-sos.no/trivillig



Vatne
Begravelsesbyrå



Vi kan hjelpe til
med rådgivning
og tilrettelegging
ved begravelser
og bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.ostenstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



Jul i Austrheim



I år vart det endelig ei julefeiring utan restriksjonar. Me kunne samlast som vanleg. Det hadde vore kjekt å kunne sei at det var ei jul utan korona, men som dei fleste fekk med seg så var det ei salig blanding av influensa, korona og omgangssjuke som kunne skape litt problem. Heldigvis fekk me gjennomført det me skulle i kyrkja. Vår kjære prest Rune klarte å gjennomføre alt han skulle, men var innom dei fleste sjukdomar som gjekk denne jula. Så då romjula kom var det veldig godt å kunne finne roen på hytta på idylliske Sjusjøen. Du har kanskje sett Rune på rulleski rundt i Austrheim, men langrennsski er nok det han og Randi finn størst glede i. Rune har og begynt i Austrheim songlag, og det

var ei stor oppleveling å få vere med på to fulle konserter siste søndag før jul. Minst like stort var det at songlaget vart med på julesongfest i kyrkja 08. januar. Ei kveldsgudsteneste der me hadde fokus på julesongar med fellessong, solosong og i preika.

Kanskje det var nokon som oppdaga at det ikkje var Jostein som satt på organistkrakken på julaftan? Han var lånt ut til Fedje denne jula, men i løpet av hausten har han og Simon-Emil Waage hatt eit lite prosjekt der Simon-Emil skal læra opp til å kunne vikarie som organist. Elddåp kom på sjølvaste julafta der han spelte på begge gudstenestene. Det er veldig kjekt når ein tidlegare konfirmant kjem nokre år etterpå og hjelper til som vikar.

Tilbakemeldingane var mange, og dei var gode. Han gjorde ein veldig god jobb, og på siste gudstenesta hadde han tatt med forsterkningar med kameratar som var med å løfta stemninga med blåseinstrument.

Denne jula fekk me og gjennomført både besøk i barnehagen, skulegudsteneste, Gudsteneste for alle, barnehagegudsteneste og songstund på Nordliheimen. Takk til alle som har kome i kyrkja og til alle som har hjelpt til. Det er ein god flokk med frivillige som gjer ein kjempebra innsats. Me hadde ikkje klart det utan dykk. Håpar alle fekk ei god jul.

**Hjarteleg velkommen til
Austrheim kyrkje i 2023**

